

## Retningslinjer for språkprisen

### 1 Prisen og føremålet

Språkrådet deler kvart år ut ein pris for framifrå bruk av norsk i sakprosa. Føremålet med prisen er å syna fram det gode sakprosaspråket og gjennom dette styrkja norsk språk.

Prisen heiter språkprisen og blir gjeven som ein pengesum og eit diplom. Prisen er på 100 000 kroner.

### 2 Kven kan få prisen

Kandidatar til prisen kan koma frå alle sentrale samfunnsområde – næringsliv, forskning, undervisning, forvaltning, presse, teknologi, kulturliv. Prisen kan gå til ein person eller til ei gruppe (institusjon, bedrift, organisasjon).

Prisen skal gjevast for sakprosa på nynorsk og på bokmål annakvart år.

Tilsette i Språkrådet, medlemmer og varamedlemmer av Språkrådets styre og fagrådsmedlemmer i Språkrådet kan ikkje få prisen.

Prisen kan gjevast for eit enkeltverk eller ein større produksjon frå dei siste fem åra.

### 3 Jury

Språkrådets sekretariat nemner opp ein jury på fire personar til å vurdere kandidatar. Styret skal ha orientering om oppnemninga når denne er klar. Funksjonstida til juryen er to år, men medlemmene kan oppnemnast for meir enn éin periode. Både nynorsk og bokmål skal vera representert i juryen. Juryen peikar sjølv ut ein leiar. Ein rådgjevar i sekretariatet fungerer som koordinator for arbeidet.

### 4 Forslag til kandidatar

I samarbeid med juryen kunngjer Språkrådet prisen kvart år før 1. april og oppmodar alle interesserte til å gjera framlegg om kandidatar til språkprisen innan ein fastsett frist. Framlegga kan gjerne vera grunngjevne.

### 5 Innstilling og avgjerd

Juryen har rett til å vurdere egne kandidatar, i tillegg til at dei vurderer innkomne forslag. Juryen lagar ei kortliste og kårar ein vinnar. Innstillinga skal vera grunngjeven. Styret skal godkjenna innstillinga før vinnaren blir varsla. Juryen skal vera ferdig med arbeidet ein måned før tildelinga.

### 6 Kunngjering

Om lag ei veke før kunngjeringa av prisvinnaren/prisvinnarane sender Språkrådet på vegner av juryen ut ei kortliste. Lista inneheld namn på inntil seks av dei kandidatane som juryen har rangert høgast, og har med ein kort omtale av verket/verka. Vinnaren bør varslast tidleg så han eller ho får høve til å planleggja å delta på prisutdelinga.

### 7 Utdeling

Direktøren i Språkrådet deler ut prisen på eit eige arrangement i november kvart år. Arrangementet skal tematisera godt språk i norsk sakprosa.